



Stian Remme
Skarpenesvegen 41
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/538 - 15/4187

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
02.03.2015

Oppføring av terrasse- gbnr 27/212 på Moldekleiv

Det vert vist til søknad motteke 20.02.2015 om oppføring av terrasse på Dykkar eigedom gbnr 27/212 på Moldekleiv i Meland kommune. Tiltaket er innteikna på eit kart som ikkje syner byggegrensa mot veg. Administrasjonen ser at terrassen vil koma i konflikt med byggegrensa mot vegen.

Tiltakshavar har vore i kontakt med administrasjonen i forkant av innsending av søknad. Då vart det diskutert om kartgrunnlaget var tilstrekkeleg eller om tiltaket måtte teiknast inn på situasjonskart frå kommunen. Administrasjonen opplyste om at kartet var greitt dersom all informasjon var synt.

Ved nøyare gjennomgang ser administrasjonen at tiltakshavar har vist frisiktsona som er satt for krysset ut til Skarpenesvegen, men byggelina som ligg i reguleringsplankartet er ikkje med.

Slik administrasjonen ser det, vil terrassen koma i konflikt med byggelinja. Tiltaket er såleis avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanen for å kunne godkjennast. Om tiltakshavar ikkje vil endra tiltaket, så det ikkje kjem i konflikt med byggelinja, må det sendast inn dispensasjonssøknad frå reguleringsplanen på Moldekleiv. Dispensasjonen skal grunngjevast med fleire fordelar enn ulemper, det blir vist til Kap. 19 i plan- og bygningslova.

Vedlagt ligg situasjonskart der byggelina er vist, vi ber om at tiltaket blir teikna inn på dette kartet og sendt kommunen.

Dykkar søknad vert difor lagt i ventearkiv i påvente om at manglande dokumentasjon vert innsendt. Meland kommune held seg rett om å be om ytterlegare informasjon om dette er naudsynt. Saka vert tatt opp til ordinær handsaming når manglande dokumentasjon vert innsendt.

Løyve til tiltak kan ikkje setjast i gang før godkjennin etter Plan- og bygningslova § 20-2 ligg føre.

Om noko skulle vera uklart, ta gjerne kontakt.

Med helsing

Anny Bastesen

Merethe Tvedt

sektsjef teknisk

byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Stian Remme

Skarpenesvegen 5918
41

FREKHAUG